



Brannmeister Kjell Tungesvik med bilen frå 1972

Ikveld klokka 19 er det valmøte i Aktivitetshuset og det er varsla innleiingar om økonomi, landbruk og småkraft, skule og lag og organisasjonar. Men fleire vil ha eit ord med i laget og brannmeister Kjell Tungesvik varslar at han kjem til å ha eit innlegg om brannberedskapen som gjennom mange år har vore eit svært aktuelt tema i bygda.

Han er interessert i å høyra om politikarane vil fylgja opp med løyvingar etter deira vedtak frå i fjor om å oppretthalda branntroppen. Her vil ikkje minst behovet for ein ny bil komma i fokus.



Den siste brannen i bygda var i Bjellandhuset

Tungesvik minnar om at den eldste bilen dei har er frå 1972 - den er med andre ord snart 40 år gamal. Det er ein Land-Rover, som ikkje lenger er god å køyra. Nei, den er regelrett trafikkfarleg, understrekar Tungesvik og minnst at bilen har vore på veg ut av vegen fordi køyreeigrnskapane sviktar.

Han slår fast at dette ikkje lenger er eit utrykningskøyretøy, det er eit køyretøy som sviktar og forlengst har tent ut si tid.

- Kva er det så troppen treng?

- Vi treng ein bil, anten brukt eller ny, med ein vasstank på slik at vi slepp å leita etter vatn i den fyrste, kritiske fasen av ein brann, altså førstegongsinnsatsen då røykdykkarane skal gjera ein jobb.

Det spelar inga rolle om ddet er ein brukt bil til mellom 250000 og 1 million eller ein ny bil til 2 millionar berre den fungerer.

Ellers er vi godt utstyrt ved brannstasjonen i Uskedalen med omsyn til pumpar og anna, seier Tungesvik.

Ein som har sett Uskedalen sin brannbil under utrykning seier det slik:

- Det er såvidt det sig!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen